

Nordahl Grieg videregående skole
Postboks 13 Rådal
5857 BERGEN

Dato: 14.06.2016
Vår ref.: 2016/4238-5
Saksbehandlar: gerytr
Dykkar ref.:

Søknad om oppstart av Helse- og oppvekst som studieførebuande tilbud ved Nordahl Grieg videregående skole frå skuleåret 2017/18.

Fylkesdirektør opplæring viser til søknaden, datert 18. april, gjeldande oppstart av Helse- og oppvekstfag som studieførebuande tilbud ved Nordahl Grieg videregående skole.

Forskrifta til opplæringsloven § 1-3 tredje ledd seier at:

- *Skuleeigaren kan leggje fag på andre trinn enn det som er fastsett i fag- og timefordelinga. Skuleeigaren gir forskrifter der det kjem fram på kva trinn dei ulike faga skal liggje. Fag- og timefordelinga må sikre progresjonen i faga og at den vidaregåande opplæringa samla sett følgjer ordinær opplæringstid. Skuleeigarar som gir forskrifter om endra fag- og timefordeling, må òg tilby den ordinære fag- og timefordelinga.*

I rettleiinga heiter det vidare:

- *«Fylkeskommunene kan bare flytte hele fag mellom trinn. Det er ikke anledning til å dele et fag opp i andre enheter enn det som framgår av læreplanen. Når et fag er delt opp i enheter i læreplanen, for eksempel norsk og engelsk på yrkesfag, regnes disse enhetene som hele fag.»*

Det er altså berre heile fag som kan flyttast, dette gjeld òg yrkesfagleg fordjuping. Fylkesdirektør opplæring kan derfor ikkje godkjenne søknaden frå skulen og ber om at skulen ser på fag- og timefordelinga på nytt.

Linda Farestveit
seksjonsleiar

Gerd Kjersti Ytre-Arne
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.